



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd, onsdag 27. februar 2019 kl. 18.00.

Kommunestyresalen på kommunehuset.

Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunerepresentant Tore Åsland.

l.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn.

Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

Fråfall: Magnhild Vaagen Kvalbein.

Tore Åsland deltok på FR-sakene.

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Beverting v/ Hanne Roholdt

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal.

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Christine Graneng og prost Asgeir Sæle.)

Saksliste:

Sak 11/19, SR	Innkalling og saksliste.
Sak 12/19, SR	Val av leiar og nestleiar.
Sak 13/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 16.01.2019.
Sak 14/19, SR	Post og meldingar.
Sak 15/19, FR	Årsrekneskapen for 2018.
Sak 16/19, SR	Årsmelding for 2018.
Sak 17/19, SR	Kyrkjevalet 2019.
Sak 18/19, FR	Førebuing til kyrkjelydsmøte / årsmøte 31.mars.
Sak 19/19, FR	Fasteaksjonen 2019.
Sak 20/19, FR	Dugnad på kyrkjegardane.
Sak 21/19, FR	Driftsanlegg i Kviteseid.
Sak 22/19	Eventuelt.

Sak 11/19, SR	Innkalling og saksliste.	HB
<p>Forslag til vedtak: Innkallinga sendt ut på e-post 22.02.2019 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>Vedtak: Som føreslege.</p>		
Sak 12/19, SR	Val av leiar og nestleiar.	HB
<p>På fyrste møte i 2019 vart val av leiar og nestleiar for jan-nov. 2019 utegløymt. Det er no berre 9 månader igjen av valperioden. Verken dagens leiar eller nestleiar har bede om avløyning.</p> <p>Forslag til vedtak: Håkon Birkeland veljast som leiar og Magnhild Vaagen Kvalbein som nestleiar til nytt sokneråd trer i kraft frå 1. november 2019.</p> <p>Vedtak: Som føreslege.</p>		
Sak 13/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 16.01.2019.	HB
<p>Forslag til vedtak: Referatet frå møtet 16.01.2019, sendt ut på mail 18.01.2019, vart godkjend.</p> <p>Vedtak: Som føreslege.</p>		
Sak 14/19, SR	Post og meldingar.	fleire
<ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om gjennomførde og føreståande arrangement: <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Ferdig: To salme-foredrag ved organist Dagfinn Køhn: 13. og 20. januar i Kv.krk.</i> b. <u>Planlagt i nær framtid:</u> Konsert i Brunkeberg kyrkje Palmesundag 14.april ved Torunn Bøe og Gunnar Ajer. <i>Inger Lise Berge ynskjer velkomen og takkar, eller finn andre til å gjere det.</i> 2. <u>Investeringsprosjekta for 2018.</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Har nå 15.2. endeleg fått klarsignal frå biskopen med vegleiing frå riksantikvaren. Olsen-Nauen klokkestøperi i Tønsberg er beden om å sette i gang. b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. Vi har nå håp om nok tømmer (malmen furu). Flisproduksjonen går for fullt fleire stader samstundes. 3. <u>Investeringsprosjekta for 2019:</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Brannvarsling og innbrotsalarm i Kviteseid Gamle kyrkje, (Prosj. 19.3 og 19.3b): Arbeidet tar til i februar/mars b. Brannvarsling og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje, (Prosj. 19.1 og 19.1b): Riksantikvaren har informert om at prosjektet kan arbeidast vidare med. RA har gjeve positivt signal til biskopen medio februar 2019. 		

- c. Renovering av blyglas i Kviteseid kyrkje. (Prosj. 19.4):
 - i. Halvor Nyland held på å finne prisar for 2019-arbeid.
 - ii. Riksantikvaren er kontakta (01.02) ang. moglegheit for at dei tek heile prosjektet med finansiering frå Norsk institutt for kulturminneforskning. (NIKU)
- d. Carportar og HC/WC ved bårehuset i Kviteseid. (Prosj. 19.5): Biskopen har ikkje svara etter at siste teikningar er sendt. Renovering og utviding av toaletta kan starta i mars. (Sjå elles sak 19/19)
- 4. Prosjekt 'Gjevarglede' har nå 12 gjevvarar med Avtale Giro og gjer fast kr 4200,- /mnd. Det vert over kr 50.000 pr. år. Andre gjev med fast bankoverføring.
- 5. Annonser for både trusopplærar og organist har vore ute på kirkejobb.no ei tid. Har og hatt minimal annonse i Vårt Land med henvisning. Søknadene ser vi ikkje før fristen går ut. For trusopplærar gjekk fristen ut 20.2. Vi fekk ein søkar til sekretærstillinga og ein til trusopplærarstillinga. Vi vonar samtale med søkjaren i mars fører til tilsetjing i vikariatet som trusopplærar. For organist går søknadsfristen ut 3. mars. Vi har signal frå 4-5 som søker!
- 6. Søknad om tilskot frå avkasting i Opplysningsvesenets fond (OVF) er avslege.
- 7. Verneombod for dei tilsette har i mange år vore felles for fellestråd-områdene i Vest-Telemark. Anne Marie Larsson i Nissedal ynskjer ikkje å fortsetja. Kyrkjevevja kan ikkje vere verneombod. Vi arbeidar med fleire modellar om ny felles løysing:
 - a. Tokke har eit fast verneombod for oss alle der vi får kostnad på kr 5500/år (1 % stilling pr. fellestråd),
 - b. verneombodet går på omgang med to år frå kvar plass. => ingen kostnader, alle får erfaring/kompetanse. Kwart sokn som ikkje har kandidat med naudsynt 40-timars HMS-kurs, må ta det når turen kjem til dei.

Staben i Kviteseid går for løysing a.
- 8. Ein vikar for sjukemeld fagarbeidar i 50 % er godt i gang med opplæring i varierte oppgåver. Han starta i rett tid til å vere til god hjelp da vi nå i februar på 11 dagar fekk 4 gravferder. Det hadde vi ikkje makta utan ekstra hjelp.
- 9. Det er nå teikna avtale med Olsen-Nauen klokkestøperi om periodiske kontroller av kyrkjeklokkene, med kvart 2. år i Kviteseid (klokker og automatikk), kvart 6. år i Brunkeberg, Vrådal og Fjågesund, og kvart 8. år i Kviteseid gamle og i Kilen. Alle vil bli kontrollert og få service i 2019 i samband med at Olsen-Nauen kjem for montering av automatikken i Kviteseid.
- 10. Eit stillas vert kjøpt inn for kr 48.000 til investeringsprosjekta. Det sparast fort inn framfor å leige.

Sak 15/19, FR

Årsrekneskapen for 2018

KS

Driftsrekneskapet for 2018 er avslutta og viser før revisjon eit underforbruk (overskot) på kr 105.135,44. Det må avsetjast til disposisjonsfond. Grunnane til mindreforbruket er samansett.

Detaljert avdelingsvist rekneskap syner at:

1. *110 Kyrkjeleg administrasjon:* kr 50.000 betre enn budsjettert, 52.360 i overskot.
2. *111 Kyrkjer :* kr 48.000 dårlegare enn budsjettert, 129.229 i underskot.
3. *112 Kyrkjegardar :* om lag som budsjettert, 171.830 i overskot.
4. *113 Andre kyrkjelege formål :* kr 91.000 betre enn budsjettert, 19.908 i underskot.

Investeringsrekneskapet for 2018: Byte av takflis på apsisen på Kviteseid gamle kyrkje

og nye takflis til kyrkjetårnet i Brunkeberg vart så vidt starta med seint på hausten. Automatisk ringeanlegg vart ikkje godkjend i tide. Tilskotet frå kommunen på kr 680.000 vart i sin heilheit overført til kyrkja. Kr 516.420 som var ubrukt er ved årsskiftet overført til bunde investeringsfond for ferdigstilling av prosjekta i 2019.

Balansen syner at sum egedelar (anleggsmidlar + omløpsmidlar) har auka med vel kr 673.000 til kr 9,14 mill. Det balanserar med eigenkapital og gjeld.

Årsrekneskapet som er sendt ut med møteinnkallinga er underteikna av leiar av soknerådet, kyrkjevevja og økonomileiar i kommunen, og er i den forma det er sendt til revisor. Revisor har òg fått med all dokumentasjon. Soknerådet kan godkjenna rekneskapen under føresetnad av at det ikkje vert store endringar under revisjon.

Vedlegg: Rekneskap 2018 med noter.

Forslag til vedtak :

Under føresetnad av at det ikkje vert endringar under revisjon, godkjenner soknerådet det framlagde årsrekneskapet med noter for 2018.

Mindreforbruket på kr 105.135,44 avsettast til disposisjonsfond.

Kr 516.420 av investeringstilskotet som ikkje vart disponert, avsettast til bunde investeringsfond.

Revisor tek fatt på soknerådet sitt rekneskap etter at ho er ferdig med kommunen sitt.

Vedtak:

Under føresetnad av at det ikkje vert endringar under revisjon, godkjenner soknerådet det framlagde årsrekneskapet med noter for 2018.

Mindreforbruket på kr 105.135,44 avsettast til disposisjonsfond.

Kr 516.420 av investeringstilskotet som ikkje vart disponert, avsettast til bunde investeringsfond.

Sak 16/19, SR	Årsmelding for 2018	KS
----------------------	----------------------------	-----------

Kyrkjevevja har saman med medarbeidarar skrive forslag til årsmelding for Kviteseid sokneråd. Forslaget var òg enkelt handsama på stabsmøte 12. februar.

Vedlegg: Årsmelding 2018

Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2017 og legg den fram for årsmøtet i kyrkjelyden i mars.

Vedtak: Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2018 med dei endringar som er gjort i møtet. Soknerådet legg den fram som ei orienteringssak for årsmøtet for kyrkjelyden i Brunkeberg kyrkje 31. mars 2019.

Sak 17/19, SR	Kyrkjevalet 2019	HB
----------------------	-------------------------	-----------

Håkon Birkeland orienterar om framdrifta for kyrkjevalet 2019. Nominasjonskomiteen (Håkon Birkeland, Møyfrid Lunde, Inger Lise Berge og Øyvind Jørgensen) hadde sitt fyrste møte 13.2.

Marit Gotuholt og kyrkjevevja var på møte i Seljord om kyrkjevalet. Der vart Grete Vestby frå Atrå ved Austbygde vald som representant frå prostiet til nominasjons komiteen for bispedømerådet. Som vara vart Bjarne Bakken frå Notodden vald.

Det er lite endringar i måten valet skal gjennomførast på.

Det vil truleg koma eit tilskot til soknerådet for gjennomføring av soknerådsvalet 2019, men størrelsen er ikkje kjend for oss pr. i dag. Tilbod om løn til valfunksjonærar vil bli som for kommunen sine valfunksjonærar. Soknerådet beheld midlane sjølv om funksjonærane gjer arbeidet som ein dugnad.

Vi kjem til å skrive litt om valet i Kyrkjebladet. Bladet kjem ut om lag samtidig som listene skal vere ferdig (til SR 10. april), så vi treng ikkje skrive at vi er på leit etter kandidatar, men bare at det er nytt kyrkjeval i 2019.

Dato for valet er søndag 8. og måndag 9. september (samstundes med kommunevalet).

Valet er for både nytt sokneråd og for bispedømmeråd.

Førehandsstemming kan gjerast på kyrkjekontoret mellom 10. august og 6. september, i kontoret si opningstid kl. 09.00-14.00.

Skal det som tidlegare vere mogleg å stemme på KOS søndag 8. (ordinær valdag) frå kl. 10.00-12.00. ? Burde det òg vere mogleg å avgi stemmer på Midtsundtoppen? (f.eks. samstundes med månadleg andakt der?)

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Dato for valet er søndag 8. og måndag 9. september og det er val av både nytt sokneråd og nytt bispedømmeråd.

Førehandsstemming kan gjerast på kyrkjekontoret mellom 10. august og 6. september, i kontoret si opningstid kl. 09.00-14.00. Soknerådet legg og til rette for førehandsstemming på Midtsundtoppen. Det vert mogleg å stemme på KOS søndag 8. (ordinær valdag) frå kl. 10.00-12.00.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Dato for valet er søndag 8. og måndag 9. september, og det er val til både nytt sokneråd og nytt bispedømmeråd.

Førehandsstemming kan gjerast på kyrkjekontoret mellom 10. august og 6. september, i kontoret si opningstid kl. 09.00-14.00.

Soknerådet ynskjer å legge til rette for førehandstemming på Midtsundtoppen.

Det vert mogleg å stemme på KOS på valdagen søndag 8. september frå kl. 10.00-12.00 dersom kommunen legg opp til val samstundes. Valet samkøyrast med kommunevalet.

Sak 18/19, SR

Førebuing til kyrkjelydsmøte / årsmøte 31.mars

ML

Saker til årsmøtet:

1. Årsmelding for 2018 til orientering
2. Årsrekneskapet for 2018 til orientering
3. Soknepresten og organisten orienterar om forskjellige alternativ for liturgisk musikk

Årsmøtet vert leia av Håkon Birkeland.

Sak 19/19, SR	Fasteaksjonen 2019	HB
<p>Årets fasteaksjon er tysdag 9. april. Utstyr til bøssene er bestilt og motteke. Vi treng hovedleiar i Kviteseid, og ansvarlege kvar av dei andre stadane (Brunkeberg, Vrådal og Fjågesund/Kilen.)</p> <p>Forslag til vedtak: Desse stiller som lokale leiarar i</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kviteseid: • Brunkeberg: • Vrådal: • Fjågesund og Kilen: <p>Bøssene kan hentast på kyrkjekontoret ved høve frå 1. april.</p> <p>Vedtak: Desse stiller som lokale leiarar i</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kviteseid: 14 konfirmantar. Hans Kristian Aabø førebur. Marit Gotuholt og ein person til stiller den 9. april. Kyrkjelydsutvalet stiller med bollar og brus. • Brunkeberg: 5 konfirmantar. Inger Lise berge leiar. • Vrådal: 3 konfirmantar, treng 4 bøssebærerar. Håkon Birkeland leiar. • Fjågesund og Kilen: Ingen konfirmantar, 3 bøssebærerar / roder. Gunn Karin Eikåsen leiar. 		
Sak 20/19, FR	Dugnad på kyrkjegardane	HB
<p>Datoar for opprydding på kyrkjegardane våren 2019 setjast opp. Kyrkjegardsarbeidarane syter for klargjering av mellom anna tome sekkar og plass til avfall i bingane. Også i år fell desse dugnadane delvis saman med Godhetsveka som er 3.-10.mai.</p> <p>Forslag til vedtak: Kyrkjeverja annonserer i VTB og på FB, og oppmodar folk til å stille opp:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kviteseid, Vrådal og Fjågesund: torsdag 2. mai • Kviteseid gamle og Kilen: tysdag 7. mai (i Godhetsveka) • Brunkeberg: torsdag 9. mai. (i Godhetsveka) <p>Vedtak: Kyrkjeverja annonserer i VTB og på FB og oppmodar folk til å stille opp seinast kl. 17.00 dei aktuelle stadene og dagane. Kyrkjelydsutvala stiller med kaffi i alle fall 2. og 9. mai.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kviteseid, Vrådal: torsdag 2. mai • Kviteseid gamle og Kilen: tysdag 7. mai (i Godhetsveka) • Brunkeberg og Fjågesund: torsdag 9. mai. (i Godhetsveka) 		
Sak 21/19, FR	Driftsanlegg i Kviteseid	HB
<p>Ref. Sak 10/18 frå januar 2018. Dette er 2019-prosjekt 19-5. (sjå to vedlegg.) 3 saker kring bårhuset i Kviteseid er under planlegging og vil bli prioritert å arbeide med i</p>		

denne rekkefylja:

1. Utviding av eksisterande toalett-anlegg for å få til eit HC-toalett med dusjmoglegheit.
2. Halvtak på nord-sida av bårhuset med plass til bil og hengar med utstyr.
3. Ein dobbel carport ved container for traktorgravar og tilhengar.

Det blei kalkulert til kr 120.000 med mykje eigeninnsats, før toalettdelen kom med. Mykje av arbeidet vil framleis bli gjort av egne tilsette, men meir fagfolk må inn. Røyrlarbeid og inventar til HC-toalettet kjem aleine på kr 40.000.

For pkt. 2 var det tenkt å ha naturleg golv med singel som topplag. No ser vi at betonggolv hadde vore ein stor fordel. Det krev meir grunnarbeid, og fører til større kostnad.

Meirkostnadane er tenkt finansiert med pengar frå bunde investeringsfond.

Nå ved årsavslutning av 2018 visar det seg at det frå tidlegare år står att kr 58.688 på bunde investeringsfond. Kostnad utover det må dekkjast inn frå tilskotet for 2019 og eventuelt frå disposisjonsfond. Dette er midlar som kan brukast på investeringar, men krevjar vedtak før bruk.

Vedlegg: *Investeringsprosjekta 2019 og Investeringsprosjekt 19-5 Tegninger*

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek at det arbeidast vidare med investeringsprosjekt 19-5 slik skissert, og at meirkostnadar dekkast inn med rest-midlar frå bunde investeringsfond frå tidlegare år og frå investeringstilskotet for 2019.

Vedtak:

Soknerådet vedtek at det arbeidast vidare med investeringsprosjekt 19-5 slik skissert, og at meirkostnadar dekkast inn med rest-midlar frå bunde investeringsfond frå tidlegare år, og frå investeringstilskotet for 2019. Soknerådet ynskjer til eit seinare møte å sjå planteikningar over området der den doble carporten er tenkt sett opp, og skisser av carporten for ny vurdering.

Sak 22/19

Eventuelt

- Til avskjedsgudstenesta for organisten, den 30. juni ynskjer soknerådet å invitera alle prestar som har virka i Kviteseid mens Dagfinn Køhn har vore organist.
- Fellesmøtene i Kviteseid 2019 er 8.-10. mars i Kviteseid Kyrkje med John R. Hardang som talar.
- Kirkens SOS har sitt årsmøte i nye lokalar i Skien 11. mars.
- Kyrkjekontoret vil til hausten invitera til fest for å takke frivillige medarbeidarar. Det vert samstundes avslutning for soknerådet i denne valperioden.

Planlagde møter i 2019 etter vedtak 63/18: 10. april, 12. juni, 21. aug., 2. okt., 20. nov.